

*Aik.no. 412.5 Makrell*

## MELDING FRA FISKERIDIREKTØREN

\*\*\*\*\*

J. 175/81

Regulering av fisket etter makrell i Nordsjøen og Skagerrak i 1982.  
-----

Med heimel i § 4 jfr. § 1 i lov av 17. juni 1955 om saltvassfiskeria og kgl. res. av 17. januar 1964 har Fiskeridepartementet 23. desember 1981 fastsett følgjande:

## § 1

Norske farty kan ikkje fiska makrell til oppmaling eller menneskjemat i Noregs økonomiske sone, i EF-sona i Nordsjøen eller Skagerrak avgrensa i aust av ei rett line mellom Skagen fyr og Tistlarna fyr.

Utan hinder av forbodet i første ledd kan farty under 90 fot største lengde fiske makrell til menneskjemat, når det ikkje blir nytta ringnot.

## § 2

Utan hinder av forbodet i § 1 kan silde- og brilingfangstar ha iblanda inntil 20 prosent makrell i vekt av fangsten pr. tur utan å vere i strid med desse forskriftene.

## § 3

Desse forskriftene gjeld óg hestemakrell.

## § 4

Desse forskriftene gjeld frå 1. januar 1982.  
-----